



Fornøgde elevar saman med læremisteren. I bakgrunnen nokre av platetrofea hans, mellom anna for Trang Fødsel. (Foto: Torunn Døssland)

Dei tre trommeslagarane i Uskedalen skulemusikk, Stian S. Myklebust, Katrine Y. Røssland og Sindre Aksnes, hadde lørdag ein verkeleg drømmedag. Då var dei til Bergen og hadde eit inspirerende og tettpakka program saman med den legendariske trommeslagaren Frank Jakobsen.



Som avslutning på ein inspirerende dag smaka det fortreffelig med ein pizza. (Foto: Torunn Døssland)

Frank Jakobsen har dei siste åra hatt inspirasjonssamlingar for slagverkarane i skulekorpsa i kommunen i regi av Uskedalen skulemusikk. Dette har dei unge musikarane sett stor pris på. Det er tydeleg at Jakobsen og har verdsett samarbeidet, og lørdag var dei tre slagverkarane i Uskedalen invitert til ein dag med jazzlegenden og ringreven i Bergen. Det var ein topp dag fylt av lærdom, inspirasjon og minneverdige opplevingar.

Første post på programmet var ein inspirerende og lærerik øvingsøkt heime hos Jakobsen, og ringreven formidla gode råd og tips til dei læringsvillige ungdommane. Etter dette gjekk turen til Grieghallen der det var øving til ein stor festkonsert om kvelden. Frank Jakobsen skulle spela med gruppa Trang Fødsel som no er samla att. Han spela saman med dette bandet på 90-talet. Etter ein heller trang fødsel vart dei "sykt" store i siste del av tiåret. Albumet "Hybel" som kom i 97 selde til rekordtal, heile 65000. Melodien "Kursiv" vart spelemannsprisnominert som årets låt, men måtte gje tapt for Espen Lind og "When Sussannah Cries".

I tillegg til Trang Fødsel var det flust med kjende musikarnamn. Odd Nordstoga var ein av dei ungdommane fekk stifta bekjentskap med. Gjennom eit par timar i Grieghallen fekk Katrine, Stian og Sindre eit godt innblikk i korleis topp musikarar førebur seg fram mot ein stor konsert.

Med si lange og breie erfaring har Jakobsen ei utømeleg kjelde å ause av når han driv med instruksjon av dei unge trommisane. I tillegg til Trang Fødsel har han spela i kjende og nyskapande band som Son Mu, Cutting Edge og Søyr for å nemna litt. Alt då han kom inn i Trang Fødsel i 1994, vart han omtala som ein ringrev. Før den tid var det brødrene Jakobsen som vart nemnt når det var snakk om trommeslagarar i Bergen.

Sjølv om han no stadig vert omtala som ein jazzlegende, har han allsidig bakgrunn frå eit svært breitt musikkpekter. Han har spela på alt frå mindre barneforestillinger til storoppsetjingar med landets beste symfoniorkester. Men det var som dansemusikar han starta, og aller første dansespelinga han var med på, var i Helgheim i Uskedalen på slutten av 60-talet. Sjølv sagt var han yngre enn aldersgrensa som var 15 år. I tillegg til brei musikkbakgrunn scorar han stort på sin lune veremåte i opplæringsarbeidet. Det skaper ein trygg og god atmosfære for ungdommane.

No er det sikkert mange som vil tru at eit slikt opplegg må verta kostbart. Det er langt frå tilfelle! Med eit svært så lite og symbolsk honorar er dette å sjå på som ei gåve frå den kjende musikaren til dei tre positive og læringsvillige elevane. Det er skulemusikken svært takksame for!

Av Thor Inge Døssland



Stian trivdes godt på trommesettet til Frank Jakobsen. (Foto: Torunn Døssland)